

REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR GNR. 52 BNR. 1 - DYBEVOLL - STRYN KOMMUNE

§ 1.

Det regulerte området er vist på planen med reguleringsgrense.

Arealet innanfor reguleringsgrensa er regulert til:

1. Byggeområde.

Område for fritidsbustader Fl - F6 og BFF

2. Friområder.

Turveg.

Skiløype.

3. Spesialområder.

Friluftsområde,

naturområder

Privat veg. Privat parkering.

Ras- og skredfare (H310)

§2.

Desse føreseggnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova og byggevedtekter for Stryn kommune.

Det er ikke tillate å etablere servituttar/særrettar som stirr mot desse føreseggnene.

§ 3.

Unntak frå desse føreseggnene kan når særlege grunnar taler for det, tillatast av det faste utvalet for plansaker innan ramma av plan- og bygningslova og byggevedtekten.

Fellesføresegner.

§ 4.

Bygg skal plasserast innanfor dei viste byggegrensene.

Ubygde deler av tomta skal ha ei tiltalande utføring. Bevaring av eksisterande vegetasjon skal i høgste grad prioriterast.

Alle hyttetomter skal ta del i felles kloakkordning. Det etableres felles infiltrasjonsanlegg rett sør for planområdet. Vassforsyning til heile feltet skjer via boret brønn.

Føresegner for områder til fritidsbustader (og tillegg for BFF)

§ 5.

Maks mønehøgd settes til 6m over gjennomsnittleg terreng rundt bygningen.

Maks BYA settes til 12%.

Bygningar skal oppførast i nøytrale fargar og materialer og skal ikkje ha dominante blikkfang.

Bygga skal ha maks takvinkel 35 grader.

Parkering for kvar enkelt hytta opparbeidast på eigen grunn

Ved byggesøknad skal det ligge ved situasjonsplan som viser plassering av fritidsbustaden og parkeringsplassar på tomta.

Plassering og utforming av hyttene skal mest mulig vere underordna naturpreget terreng. Innen planområdet skal eksisterande terreng og vegetasjon i størst mulig grad bevarast. Ved inngrep i terreng skal planering og tilsåing utførast straks arbeidet er avslutta.

Det er ikkje tillate å gjerde inn enkeltomter, berre uteplassar inntil 75m².

Det er ikkje mogleg med framleige av hyttene.

Tillegg for formål **BFF**: Det tillates etablering av parkeringsgarasje under terreng. Uttak av massar som er nødvendig for etablering av garasje under terreng er tillatt. Ved etablering av parkeringsgarasje under terreng skal planering og tilsåing utførast straks arbeidet er avslutta. Det skal brukast stadlege massar. Murar skal utførast i naturstein og kan ha maksimal høgde på 3 meter.

Føresegner for friområder (og naturområder GN).

§ 6.

Områda avsatt til turveg er eksisterande stier.

Føresegner for spesialområde.

§ 7.

Friluftsområde og naturområder GN skal behalde sin naturlege form, uten unaturlige driftsmessige inngrep av grunneigar.

Den private vegen skal til ei kvar tid vere open og tilgjengelig for hyttetomtene.

Den private parkeringsplassen kan nyttast til gjesteparkering.

Nord i plan<?mrådet er her innlagt skiløypetrase. Søndre del av eks. skiløype ligg i plangrensa.

Ålesund 13.09.2006
Rev. 22.05.2007 Rev. 2: 05.09.23

[h_

Leite og Howden AS/proESS AS